



Arkivnr: 2016/3311-33
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune orientere om status i arbeidet med regionreforma

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 31/2018 I møte 07.05.2018:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte 19.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.»

På bakgrunn av vedtaket over orienterte prosjektleder/fylkesrådmann, Rune Haugsdal, for kontrollutvalet i møte 17.12.2018 der det vart gjort m.a. slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber om at prosjektleder/fylkesrådmannen, Rune Haugsdal, kjem i møte 11.06.2019 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.*
2. *Kontrollutvalet ønskjer også at denne orienteringa skal innehalde informasjon om korleis arbeidet med tilsettingar og inn plasseringar har gått.*

I møte i kontrollutvalet 01.04.2019 vart det i tillegg signalisert ønskje om at orienteringa også bør innehalde status for samanslåing, avvikling, omdanning mv. av fylkeskommunalt eigde selskap.

Drøfting:

Det er gjort avtale med prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, om at han kjem i felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordande fylkeskommune 06.05.2019 for å gje kontrollutvalet ei slik orientering. Drøfting og konklusjon i saka vert å gjennomføre i møte i kontrollutvalet dagen etter, 07.05.2019.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko i orienteringa som gjev grunn til uro vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Det vert vidare tilrådd at utvalet ber om å få ny orientering om status i høve arbeidet med regionreforma i møte 02.09.2019.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at prosjektleiar/fylkesrådmannen, Rune Haugsdal, kjem i møte 02.09.2019 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.»
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.